

Vedlegg 3 - Vurdering av måloppnåing for partielle tiltak.

EFFEKT MÅL		Part 1	Ny bru til Ellingsøya	Part 2	Tiltak på Sula	Part 3	Restriksjonar på Moa
1	Meir enn 45 % av alle reiser skal foregå med miljøvennlige transportformer (15 % kollektiv, og 8 % sykling, 30 % øvrig (gange, bilpassasjer))	✗ Tiltaket gir nyskapt biltrafikk. Kollektivtilbodet kan verte betre enn dagens, når ein får kortare avstand mellom Moa og Ellingsøya. Det blir mulig å sykle mellom Ellingsøya og andre bydelar i Ålesund		✗ Tiltaket gir nyskapt biltrafikk. Kollektivtilbodet kan verte betre enn dagens.		✓ Tiltaket vil endre reisemiddelbruken mot kollektiv, gange og sykling på korte reiser.	
2	Mulighet for sikker sykling på saman-hengande sykkelvegnett i fart på 25-30 km/t på strekninga Hessa-Magerholm	✗ Tiltaket har ikkje innverknad på strekninga, men vil gi eit nytt tilbod til/frå Ellingsøya og særleg indre del av Ålesund		✗ Tiltaket har ikkje innverknad på strekninga, men vil verte betre forhølda for gåande og syklande mellom Mauseidvåg og Vedde.		✓ Tiltaket vil gi mindre biltrafikk og er dermed positivt for framkomst til gåande og syklande.	
3	Reisetid for kollektiv inkl. ventetid skal reduserast med 20 % på viktige ruter, på strekninga Hessa-Magerholm	✗ Tiltaket har ikkje innverknad på strekninga, men vil gi eit nytt tilbod til/frå Ellingsøya og særleg indre del av Ålesund		✗ Tiltaket har ikkje innverknad på strekninga, men vil kunne betre busstilbodet mellom Sula og Ålesund. Langevågsbåten er forutsett fjerna og dette er ei ulempe for kollektivtrafikk mellom sentrum av Langevåg og sentrum av Ålesund		✓ Tiltaket vil gi mindre biltrafikk og er dermed positivt for framkomst for kollektivtrafikk	
4	Gjennomsnittleg køyretid for gods- og varetransport til/frå viktige logistikknutepunkt på hovudvegnettet skal reduserast med 20 %.	✓ Ellingsøya har eit viktig logistikknutepunkt og køyretid til dette frå indre delar av kommunen vert redusert. Auka personbiltrafikk er elles negativt for køyretida.		✓ Tiltaket betrar framkomst på E39 og det er positivt for gods- og varetransport på denne strekninga, for sentrum vil tiltaket redusere framkomst		✗ Tiltaket endrar reisemiddelfordelinga, men ikkje nok til at det har innverknad på framkomst for gods- og varetransport	
5	Personbiltrafikken skal ikkje få redusert framkomst på vegane i Ålesund.	✗ Tiltaket medfører ikkje vesentlege endringar i trafikkmengdene på vegnettet utanom at trafikkmengda i Ellingsøyntunnelen vert redusert		✓ Tiltaket betrar framkomst på E39 og det er positivt for personbiltrafikken på denne strekninga, for sentrum vil tiltaket redusere framkomst		✗ Tiltaket endrar reisemiddelfordelinga, men ikkje nok til at det har innverknad på framkomst for personbiltrafikken	
KRAV		Part 1	Ny bru til Ellingsøya	Part 2	Tiltak på Sula	Part 3	Restriksjonar på Moa
1	Talet på drepte og hardt skadde per 1000 innbyggjarar skal reduserast med 40 %	✗ Ulykkeskostnadane aukar som følgje av tiltaket		✗ Ulykkeskostnadane aukar som følgje av tiltaket		✗ Reduksjonen i trafikkmengder, eller endring i reisemiddelfordeling vil ikkje vere så stor at det har innverknad på ulykker.	
2	Klimagassutslepp frå transport skal reduserast med 30 % i forhold til dagens situasjon	✗ Klimagassutsleppa aukar som følgje av tiltaket		✗ Klimagassutsleppa aukar som følgje av tiltaket		✓ Tiltaket kan bidra til at Co ² vert redusert medan NO _x kan auke. Svevestøv kan bli redusert.	
3	Andelen personar som er plaga av trafikkstøy i Ålesund skal vere redusert med 15 % i forhold til dagens situasjon	✗ Tiltaket betrar ikkje støyforhølda		✗ Tiltaket påverkar ikkje støyforhølda i Ålesund. Lokalt på Sula kan tiltaket redusere støyplager		✗ Reduksjonen i trafikkmengder, eller endring i reisemiddelfordeling vil ikkje vere så stor at det har innverknad på støy.	
4	Sårbarheita på kritiske delar av strekninga Vegsund-Ålesund sentrum-Skarbøvika skal reduserast	✗ Tiltaket har ikkje innverknad på strekninga, men er positivt i forhold til sårbarheita ved stenging av Ellingsøyntunnelen		✓ Tiltaket gir eit godt alternativ på strekninga (Mauseidvåg-Vegsund-Gåseid)		✗ Tiltaket har ikkje innverknad på sårbarheita på strekninga	